



Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Innspel til statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

Vi viser til e-post 3. september 2013 med link til vedlegg med varsel om høyring av Statlige planretningslinjer (SPR) for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Føremålet med nye statlege planretningslinjer er god samordning av bustad-, areal- og transportplanlegging, både i kommunar og på tvers av kommunar, sektorar og forvaltningsnivå. Retningslinjene skal gi betre og meir effektive planprosessar.

Oppsummering

- By- og tettstadvekst ved kollektivknutepunkt og -aksar må prioriterast
 - Rettstryggleik og medverknad i planprosessar må omtalast i retningslina
 - Det nasjonale målet om 20 % auke i matproduksjonen må vere ein premiss i retningslina
 - Vern av dyrka jord må inn som del av målformuleringa i pkt. 3
 - Streng hushaldning av areal må vere ein del av den langsiktige planlegginga, pkt. 3.
 - Pkt. 3, 4. ledd bør tydeliggjerast
 - Eksisterande "tettstadsatelitter" der vekst kan skje på mindre produktive areal, må kunne vidareutviklast., pkt. 4.2
 - Dyrka jord og kulturlandskap må vere eit omsyn i byplanlegging på lik line med andre viktige grøne interesser
 - Influensområde til kollektivknutepunkt må ha høg arealutnytting som produserer kollektivkundar, pkt. 4.5
 - Pkt. 5. Avgjerdsgrunnlaget må supplerast med at alternativ som ikkje fører til omdisponering av dyrka jord, skal utgreiast
 - Retningslinjene bør også gjelde for reiseliv og fritidsområde
 - Teksten i forslaget bør bli klarare og forenklast
-

Generelt

Gjeldande rikspolitiske retningsline for samordna areal- og transportplanlegging frå 1993, har vore viktig for samfunnsplanlegginga i Rogaland.

Press på areal med nasjonale og regionale verneinteresser som natur, matjord og kulturminne, pregar utviklinga i Rogaland. Økonomisk vekst og stor folketalsauke, gir kamp om knappe arealressursar. Brei og samordna samfunnsplanlegging er avgjerande for ein berekraftig arealbruk, ikkje minst i pressområde.

Fylkesmannen i Rogaland støttar i hovudsak forslaget til ny og revidert statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Kompakt by- og tettstadutvikling – effektive og miljøvenlege transportsystem

Mange område i Noreg har over tid utvikla ein utflytande tettstad- og bystruktur. Dette gjeld og Rogaland medrekna Jæren. Byvekst langs eksisterande og nye planlagde kollektivaksar og ved knutepunkt må prioriterast. Dette krev langsiktig planlegging, god lokal samordning og bruk av gode regionale areal- og transportplanar. Statlege styresmakter må i tid og stad følgje opp med nødvendig delfinansiering av samferdsleinfrastruktur, særleg kollektivutbygging, sykkel- og gangveg.

Nasjonale og regionale jordverninteresser – nasjonal matproduksjon og matberedskap

Dyrka jord i Noreg og Rogaland er ein ikkje-fornybar ressurs av nasjonal interesse. Matjorda blir forvalta av 428 kommunar. Samordna og berekraftig arealplanlegging på tvers av forvaltningsnivå, er særleg viktig for å sikre nasjonale jordverninteresser.

Nasjonal jordvernpolitikk er tydeleggjort og innskjerpa etter at ATP retningsline frå 1993 blei laga. Stortinget vedtok i 2011 i St. meld. 9 (2011-2012) "Velkommen til bords", at matproduksjonen vår skal auke i takt med folketallet, dvs 20 % auke fram mot år 2030. Produksjonsgrunnlaget må sikrast for å nå dette målet, særleg den beste matjorda i dei beste klimasonene. Dette må operasjonaliserast gjennom denne statlege planretningslina. Dei beste jordbruksareala ligg ofte i pressområde der byveksten skjer.

Fylkesmannen meiner dette nasjonale produksjonsmålet må vere ein premiss. Vi etterlyser omtale av dette i pkt 3. mål i føreslåtte retningsline.

Konkrete innspel til teksten i høyringsforslaget

1. Hensikt

Retningslinene skal gi betre og meir effektive planprosessar. Vi meiner pkt 1 også må innehalde: "Rettsstryggleik og medverknad i planprosessar skal sikrast som før".

3. Mål

Fylkesmannen er kjend med at det har vore nedsett eit utval som skulle vurdere eigen statleg planretningsline for jordvern. Vi oppfattar at føreslåtte statlege retningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging no skal sikre nasjonale jordvernomsyn i samfunnplanlegginga.

Jordvern er ei viktig målsetting, både i klimasamanheng, for folkehelse og sjølvstøtt for beredskap og nasjonal matproduksjon. Vern av dyrka jord må inn som del av målformuleringa i pkt 3. Ei statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging utan dette, svekker det nasjonale jordvernet.

Siste ledd i pkt 3 om langsiktig perspektiv, må utdjupast med at dette også betyr streng hushalding av areal. Planlegginga må bygge opp om langsiktige investeringar i kollektivtrafikk, dvs utbygginga må skje i rett rekkefølge, på rett stad til rett tid. Faglege vurderingar knytt til naturområde og matjord som må sikrast, utbyggingsreserve, fortettings- og transformasjonspotensiale og regionale avklaringar om endra utviklingsretningar for byveksten, må også ligge til grunn.

Det står i pkt 3, 4. ledd:

”Utenfor byer og større tettsteder kan lokale myndigheter ivareta kvaliteter ved spredtbygd bebyggelse, der potensialet for fortetting er begrenset, samtidig som det planlegges for fortetting i definerte, tettbygde strøk.”

Fylkesmannen i Rogaland meiner dette punktet er uklart og gir lite substansiell rettleiing for planlegginga. Det må her tydeleggjerast at retningslinene gjeld også utanfor byer og tettstader og er gode prinsipp å følgje også for utvikling av mindre stadar. Spreidd bustadbygging i område med busetjingsutfordringar er godt dekkja i pkt 4.3, 2.ledd.

4. Retningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging

Fylkesmannen støttar forslaget i pkt 4.2 om å styre ny utbygging mot område med færrest moglege arealkonfliktar og om å planlegge for å redusere nedbygging av dyrka jord. Pkt 4.2 bør styrkast med omtale av at ny infrastruktur (kollektiv) bør nyttast for å styre byveksten og utbygging i ønska retning til mindre produktive areal. Det bør også kome med at alternativ som ikkje gir omdisponering av dyrka jord, skal vurderast.

Pkt 4.2 bør utvidast med ein omtale av korleis eksisterande ”tettstadsatelitter” med akseptabelt transportarbeid, kan vidareutviklast. Mange av desse områda er lokalisert til mindre konfliktfylte område, ut frå viktige nasjonale verneomsyn, kulturminne, jordvern og natur/miljø m.m.. Under føresetnad av at utvidinga skjer på areal med lågt konfliktnivå, må det opnast for lokaltilpassa utviding av slike område. Lye i Time på Jæren er eit godt døme.

For mange by og tettstader er dei beste jordbruksområda og kulturlandskapet innbyggerane sitt ”markaområde” og vesentleg del av den bustadnære regionale grøntstrukturen. Dette gjeld også i Rogaland og særleg på Jæren. Det bynære landbruksarealet er ein viktig kvalitet. Gjennom tilrettelegging for ferdsel i innmark og ivaretaking av kulturlandskapet, produserer bynært landbruk fellesgoder i form av landbrukstilnytte tenester og kvardagsområde for ferdsel og rekreasjon.

Pkt 4.4, andre ledd må endrast slikt at dyrka mark og kulturlandskap er eit omsyn i byplanlegging på lik line med andre viktige grønne interesser.

Fylkesmannen støttar forslaget i pkt 4.5, 2. ledd om at "Innfartsparkering bør lokaliseres slik at det ikke hindrer mulighetene for høy arealutnyttelse rundt kollektivknutepunkter". Det næraste influensområde til kollektivknutepunkt må ha høg arealutnytting som produserer kollektivreisande ved kollektivknutepunkt, dvs bustadbygging og arbeidsplassintensiv næringsverksemd.

5. *Beslutningsunderlaget*

Fylkesmannen sluttar seg til pkt 5.4. Punktet bør supplerast med at alternativ som ikkje fører til omdisponering av dyrka jord skal utgreiast.

6. *Offentlige myndigheters ansvar i planlegginga*

Pkt 6.5 føreslår: "Kommunale, fylkeskommunale og statlige etater og foretak skal legge retningslinjene til grunn for lokalisering av egne virksomheter og institusjoner".

Fylkesmannen støttar dette viktige punktet. Slike lokaliseringar er ofte store verksemdar med eit høgt tal arbeidsreisande og besøkande. Vi har både gode og svært dårlege eksempel på lokalisering av slike offentlege verksemdar. Lokaliseringsvurdering i slike saker er ofte meir prega av kommunegrenser enn god by- og transportplanlegging. Det er elles viktig at verksemdar som Avinor tar eit eigarforhold til SPR i høve kva type verksemd som blir etablert ved flyplassar.

Utfordringar i pressområde og distrikt

Fylkesmannen sluttar seg i hovudsak til signala i retningslinene om skjønsmessig tilpassing ut frå regionale og lokale utfordringar og forskjellar. Fylkesmannen i Rogaland meiner likevel at prinsippa om kompakt byutvikling også er gode føringar for utvikling av attraktive bygde- og grendesentra. Fylkesmannen meiner dette kan kome betre fram i retningslinene.

Planlegging for redusert transportarbeid ved utbygging til fritidsføremål

Retningslinene bør også gjelde for planlegging av nye og vidareutvikling av områder for reiseliv og fritidsområde. I stadig større grad er hytteområde "tettbygde" stader som genererer stor biltrafikk og gir komprimerte kapasitetsutfordringar på vegnettet.

Generell struktur og klar tekst

Ei statleg planretningsline for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging må balansere mange viktig omsyn. Teksten i føreslåtte SPR bør bli klarare, særleg kap 4. En del avsnitt har stort innslag av overlapping. Dette bør forenklast og dei viktigaste retningslinene må kome tydelegare fram.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

May Britt Jensen
fylkesmiljøvern sjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Dagfinn Hatløy
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 79
E-post: fmrodha@fylkesmannen.no

Kopi til:

Statens Vegvesen, avd. Stavanger
Rogaland fylkeskommune,
Regionalutviklingsavdelingen
Statens Vegvesen, avd. Haugesund

Postboks 8074	4068	Stavanger
Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Postboks 2134	5501	Haugesund